

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 04.12.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Vidar Vie/Trude Hessvik  
**SAKA GJELD:** **Plan for internrevisjon 2020-2021**

**ARKIVSAK:** 2019/3104  
**STYRESAK:** **105/2019**

**STYREMØTE:** **16.12.2019**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek revisjonsplan for Helse Førde 2020-2021 slik den ligg føre.

## Oppsummering

Revisjonsplanen for 2020-2021 fokuserer på viktige delar av verksemda til helseføretaket. Dei årlege revisjonane gjev gode innspel til forbetringar i organisasjonen.

## Fakta

Revisjonsplanen inneheld forslag til ti revisjonar. Nokre av dei er melde inn frå organisasjonen i samband med prosessen for å lage planen, andre er revisjonar som bør/skal gjerast årleg, og ein del er baserte på styringssignal og vurderingar for risiko:

- Forsking – etterleving av kvalitetsstyringssystemet for forskning og innovasjon
- HMS - Vald og trugsmål mot helsepersonell
- Legemiddelhandtering og tilverking av legemidlar
- Bruk av tvang i somatikk
- Informasjonstryggleik
- Miljøstyringssystemet
- Dokumentasjon pasientjournal
- Internkontroll store byggeprosjekt
- Avvikling tentative timar
- Kvalitetsstyringssystemet

Det vedlagde planutkastet skildrar dei ulike revisjonsområda på eit overordna nivå.

I samsvar med praksisen i Helse Vest blir det denne gongen lagt opp til ein to-årig plan, som skal rullerast kvart år. Det betyr at revisjonar som ikkje blir gjennomførte i 2020, kan bli bytta ut til fordel for andre ved neste rullering.

## Kommentarar

Internrevisjonane gjev etter administrerande direktør sitt syn systematiske innspel til forbetringar i føretaka. Å velje dei rette prosjekta, og å sikre seg læring av dei, er viktig. Revisjonane betyr omfattande arbeid mange stadar i organisasjonen. Det er difor lagt vekt på at dei skal gje målretta resultat og grunnlag for forbetringar.

Innhaldet i revisjonsplanen til føretaket blir vurdert opp mot revisjonsplanen til Helse Vest, for å sikre at dei supplerer kvarandre på ein god måte. Helse Førde har tidlegare i haust gjeve innspel til rulleringa av den regionale planen.

Planutkastet skil seg frå tidlegare revisjonsplanar i Helse Førde ved at det er to-årig, og at det i større grad er temabasert. Detaljerte revisjonsplanar som skildrar revisjonsmål, omfang, tidspunkt for gjennomføring og ressursallokering vil bli utarbeida før oppstart av dei enkelte revisjonane. Det kan også vere at det oppstår hendingar eller behov i løpet av året som gjer at det er føremålstenleg å avvike planen.

## **Konklusjon**

Administrerende direktør meiner at revisjonsplanen til Helse Førde omhandlar sentrale område av verksemda, og er eit viktig verktøy for å drive kontinuerleg forbetring.

Vedlegg: Forslag til revisjonsplan for Helse Førde 2020-2021